

## Emnerapport vår 2019

Emnekode og navn:

**NORAN604 – Andrespråkslæring og -undervisning med vekt på voksne (fjernstudium)**

### **Faglærar si vurdering av gjennomføring**

**Praktisk gjennomføring:** Fire faglærarar. Den eine faglæraren var emneansvarleg og hadde ansvar for 6 av totalt 7 modular. Den andre faglæraren hadde ansvar for Modul 5, herunder rettleiing av oppgåvane i modulen. Grunna frikjøp av emneansvarleg tilsvarende 50 % vart det leigt inn to faglærarar som skulle ta seg av faglege spørsmål i alle modulane og rettleiing av oppgåver i modulane 2, 3 og 4. Semesteret vart gjennomført som planlagt.

**Fråfall:** Det var 91 søkerar våren 2019. 90 fekk tilbod om plass, 67 av desse takka ja. 4 studentar trekte seg i løpet av semesteret. 68 vart vurderingsmeld til oppgåve, og 67 til skuleksamelen (inkludert blant desse var det nokre studentar frå tidlegare semester).

**Tilgang til relevant litteratur:** Ingen rapporterte problem.

### **Faglærar si vurdering av rammevilkåra**

Førre semester gjekk innlastinga av spørjeforumet stadig seinare utover i semesteret grunna den større mengda innlegg og kunngjeringar. Etter råd frå Mitt UiB-supporten vart mengda kunngjeringar sterkt redusert dette semesteret, noko som gav resultat m.o.t. innlastingsfarten.

### **Faglærar sin kommentar til studentevalueringane**


Evalueringa vart gjennomført som sluttevaluering i form av eit elektronisk spørjeskjema distribuert til studentane via deira private epost. Det var i alt 33 respondentar av dei totalt 67 som fekk tilsendt spørjeskjema, noko som utgjer ein svarprosent på 49 %. Studentane fekk fleire påminningar om evalueringa, seinast etter at eksamen var fullført.

Studentane vart for ti av spørsmåla bedne om å kryssa av for eitt av fem alternativ.


I tre av spørsmåla vart dei bedne om å leggja inn fritekstkommentarar på spørsmåla.

Resultata av avkryssingssvara er som følgjer:


#### **1. Generelt sett, kor nøgd er du med emnet?**




**2. Framstår emnet som eit helskapeleg kurs? (Samsvar mellom ulike delar, god nok tid på kvart tema, pensum)**




**3. Kor nøgd er du med pensum?**




**4. Kor stort læringsutbytte har du hatt av å lese pensumlitteraturen?**




**5. Var pensummengda tilpassa kurset sitt omfang?**




## 6. Kor nøgd er du med undervisningsmateriellet i emnet?




## 7. Kor stort læringsutbyte har du hatt av undervisningsmateriellet i emnet?




## 8. Generelt sett, kor stort læringsutbyte har du hatt av å følgja nettkollokvia?




## 9. Kor nøgd er du med rettleiinga på den obligatoriske oppgåva?



**10. I kva grad er du nøgd med informasjonen du har fått om praktiske sider ved emnet, som fristar, eksamensordningar osb.?**



**Samlet status**



På fritekstspørsmålet «Er det noko i undervisninga du er spesielt godt nøgd med?» trekte ti av respondentane fram nettleksjonane, åtte trekte fram nettkolloquia, åtte trekte fram organiseringa av studiet i modular, tre trekte fram den obligatoriske oppgåva, fem nemnte oppgåvene og /eller løysingsforsлага til desse. To nemnte repetisjonsmodulen, to nemnte rask respons og god oppfølging frå faglærarar og administrasjon, eit par trekte fram variert undervisningsmateriell (nettleksjonar, video- og lydfiler), og eit par trekte fram pensum. Andre kommenterte at studiet var praktisk retta, og at fagstoffet var interessant, spennande og relevant. Éin trekte fram diskusjonsforumet.

På fritekstspørsmålet «Har du innspel om korleis emnet kan bli betre?» kommenterte sju respondentar at pensum og/eller lydfiler og videoar burde oppdaterast/fornyast, og fem kommenterte at pensum var for omfangsrikt. Nokre av respondentane trekte fram ulike sider ved nettkolloquia: for få spørsmål (1), har ikkje fungert så godt (4), vil heller ha samlingar (1), faglærar bør kommentera (2), oppgåvene bør i større grad innebera problemløysing (1), diskusjonsforumet på Mitt UiB er ei tungvint teknisk løysing som fungerer därleg (2). Éin meinte at viktig informasjon burde leggjast meir synleg / lett tilgjengeleg, éin ønskte seg meir varierte arbeidsmetodar, t.d. meir klasseromsnære oppgåver heller enn teorioppgåver. Førelesingar på video vart etterlyst av éin,

korrekturlesing av nettleksjonane av ein annan. Éin føreslo å leggja eksamen seinare i semesteret, ha mindre kollokviegrupper før eksamen og ha obligatoriske oppgåver med lik vanskegrad.

På fritekstspørsmålet «Har du andre kommentarar til emnet?» kom det ei rekke ulike innspel. Dei ulike innspela er lista under (nokre innspel med beslektet innhald er slegne saman):

- for stort pensum
- spennande/interessant/relevant innhald
- har lært mykje, er nøgd
- bra opplegg, lærerikt
- relevant stoff
- fleire videoar
- god oppfølging
- rask og god respons på faglege spørsmål
- den engelske pensumboka var vanskeleg
- undervisingsmateriellet var til stor hjelp
- fint at studiet er nettbasert med høve til å ta eksamen utanfor Bergen
- ordtalet på obligatorisk oppgåve kan aukast
- tydelegare retningslinjer for oppgåvesvara på skuleeksamen
- det er varierande kor godt kollokviegruppene fungerer, kan ev. ha oppgåver som kvar deltar skal førebu på førehand og presentera på kollokviet
- undervisingsmateriell bør vera på bokmål, ikkje nynorsk
- innfør heimeeksamen

#### **Faglærar si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:**

Tilbakemeldingane tyder på at studentane er nøgde med oppfølginga dei får av faglærarar og administrativt tilsette, og at dei i hovudsak er relativt nøgde med opplegget og undervisingsmateriellet. Noko av det som går att i dei kritiske tilbakemeldingane, er at noko av undervisingsmateriellet verkar litt utdatert. Ein bør derfor revidera pensumlista slik at ho inneheld mest mogeleg oppdatert og relevant litteratur, og ein bør søkja om midlar til å produsera nye video- og lydfiler, pluss opptak av førelesingar i form av skjermopptak eller liknande. Pensummengda bør òg vurderast.

Oppgåvene til diskusjonsforumet kan med fordel reviderast slik at dei vert meir utfordrande og genererer meir diskusjon, men dette er ein arbeidkrevjande prosess, og kan ev. knytast til ein søknad om midlar til ein fagleg revidering/digitalisering. Ein kan òg ev. revidera oppgåveformuleringane til dei obligatoriske oppgåvene. Når det gjeld den tekniske løysinga for spørjeforumet og nettkollokvia, bør Prisme arbeida saman med Mitt UiB-supporten for å finna betre tekniske løysingar.

God informasjon om alle aspekt ved studiet og rask respons på spørsmål er generelt sett svært viktig i eit nettstudium der studentane er i jobb ved sida av. Tilbakemeldingane tyder på at vi i hovudsak har lukkast med dette våren 2019, men det er heilt essensielt at fagleg og administrativt tilsette heile tida arbeider for å bli endå betre i høve til organiseringa av informasjon ut til studentane.

### **Statistikk frå eksamen**

|        | Oppmeldt | Møtt | Bestått | Stryk | Snittkarakter: C                                  |
|--------|----------|------|---------|-------|---|
| Antall | 68       | 60   | 57      | 3     |   |
| %      | 100      | 88   | 84      | 4     |   |
| %      |          | 100  | 95      | 5     | (Tallene baseres på alle resultatene for eksamen) |